

VARHAUGBUEN



LIONS CLUB

SIDE 12 - 13

VARHAUG SKULE

SIDE 8

HUBBEN

SIDE 2 - 3



SYKKELVEG SIDE 14 -15



HUBBEN

Har du høyrte om Hubben? På Varhaug har det kome ei ny bedrift som ikkje liknar på noko me har på Jæren frå før, faktisk så den så unik at me ikkje veit om det finnes noko liknande i heile landet.

På utsida av Hubben vert du møtt med FN sine bærekraftsmål og ord som læringsfabrikk, ungt entreprenørskap, design og redesign, resirkulering, bærekraft og sirkulærøkonomi. Men kva er det for noko?

Kort fortalt handler det om at her blir søppel til nye ting. Haugstad Møbel AS måtte fikse eit problem. Kva skal dei gjere med møbler som dei får inn frå kundane sine? Saman med SINTEF og NTNU kom dei på ideen om å lage nye ting i staden for at det blir søppel, og kan det gjerast som elevbedrift? Slik blei ungdomsskulane i Hå kommune invitert inn til å vere med på Hubben, og det ville me. Kommunen og skulane er no i full gang med planlegging og utprøv-

ing, for dette er gildt, lærerikt og passer veldig godt med ny læreplan for skulane.

På Varhaug ungdomsskule er det elevane med faget arbeidslivsfag som har undervisning på Hubben. Skulen er der med alle tre trinna sine, og det har blitt eit populært fag, spesielt på 8. trinn som kunne velge Hubben frå byrjinga. Bedrifta er i lokala til gamle Uldal vindu. Desse var gamle og slitte, og elevane har brukt tida fram til no til å pusse opp. Hubben har engasjert andre lokale bedrifter, og blant anna har Cave & Cube og Halvorsen Fargerike hjulpet elevane med fargevalg og maling. Innsatsen til elevane har vore upåklageleg. Elevane har og montert opp nytt kjøkken i det som blir kantine og pauserom. Kanskje mange foreldre også kan få litt hjelp av sine håpefulle viss ein skal pusse opp litt heime? Dei har i alle fall vist lærarane på skulen og Haugstad sine folk på Hubben at dette er noko dei kan.



Mari Skretting, Ingeborg Håland Årdal og Kine Haugsdal. Her sit elevane i eit av kontora de har pussa opp, og planlegg ei ny elevbedrift.



Adine Ridola Haugstad, Margit Auestad og Julie Skretting

Til neste skuleår planlegges det med å vidareutvikle tilbodet. I dag er det berre elevar med arbeidslivsfag som får sjansen til å vere på Hubben. Planen er at alle elevane på Varhaug, og elles i kommunen, skal arbeide med elevbedrift i løpet av tida i ungdomsskulen. I plassen for å lære om bedrifter i klasserommet, skal dei heller få lov til å drive den. Målet er at dei skal erfare, oppleve og drive heile kjeden med mottak og demontering av brukte møblene, planlegge og teikne i 3D kva dei skal bli, lage det nye produktet i produksjonshallen for å så markedsføre og selge det. Dei skal og ha kontroll på økonomien med inntekter og utgifter. Planen er at bedriften skal tjene eigne pengar, så får me sjå om kronene ruller inn, og korleis me skal fordele dei. Kanskje går noko tilbake til Hubben og noko til klassekassen?

Dersom du vil vite meir om Hubben anbefales det å besøke heimesidene til Haugstad Møbel AS kor dei fortel om prosjektet. Etterkvart vil det og kome informasjon på kommunen sine sider. Vidare så har Hå kommune planer om å opprette ei 50% prosjekt-



Jakup Urban, Michelle Espeland

stilling, kor ein person skal arbeide med å hjelpe skulane med å ta i bruk Hubben på ein god måte. Og straks produksjonen er i gang, hugs å sjekke ut Hubben når de skal handle til heimen. Her vil de finne ting som ingen andre har, og så er det miljøvennlig. Kanskje er det nettopp her du kan kjøpe gaven til nokon som har alt? Me ventar spent på det som kjem.

Rune Roaldsen, skulesjef i Hå kommune

NÅ SKJER DET SNART NOKO NYTT UTANFOR SLAKTARBUTIKKEN

Eg hadde ein drøs med Reidar her om dagen, og han kunne fortelja at nå skulle dei til med bygging. Dei skulle laga til eit tilbygg, i «krånå» ved inngangsdøra. Og her skulle det verta glasvegg, bord og stolar inne slik at folk kunne setja seg ned enten med ei varm pannekake, kaffi eller noko anna. Her vert det med andre ord omtrent ein liten kafe, og det er noko som er sakna av mange. Reidar håpar at dette vert klart litt utpå nyret.

Reidar kunne og fortelja at nå var bedriftsforeininga i god dialog med kommunen, så det ser ut om dei kraftige orda mine i sist blad har hatt sin misjon. Han seier han har tru på at dei nå i fellesskap med kommunen skal få til eit skikkeleg, interessant og spanande sentrum.

Liv



LUKKE OG SLIT I 100 ÅR

Koronapandemien sette ein effektiv stoppar for 100-års festen til Varhaug Bondelag. Heldigvis smittar ikkje trykksverte. Her er eit lite og enkelt resymé over Varhaug Bondelag si hundreårsreise.

Åra etter første verdskrigen, var mellom mykje anna prega av regjeringa Knutsen sin ambisiøse og feilslegne parikurspolitikk, som fekk pengeverdien til å smuldra mellom dei moldtrevla fingrane på fattigfolk på Varhaug. Og mens pengeverdien og dei alt slanke magane smogna inn, auka verdien på gjelda. Dette var blant folk som knapt nok hadde kroner, eller rettare sagt ører, til salt i grauten frå før.

KONKURS-SKODDE

I tillegg fekk me den svarte oktober-tysdagen på Wall Street for temmeleg nøyaktig 91 år sidan - i 1929 - som fekk konsekvensar for verdsøkonomien i årevis framover.

Nedgangstidene førte til at det var nærast umogleg å greia renter og avdrag for alle dei som hadde bygt og satsa. Konkursspøkelset hang som ei svart mare-ritt-skodde over bønder og kausjonistar på Varhaug i 1920- og 30-åra.

Varhaug Bondelag har vore med heile vegen sidan 1920. Styret har samla seg i små stover for å leita etter løysingar på alle tenkelege og utenkelege flokar. Tallause møte er arrangert i bondelagsregi gjennom åra.

Bondelaget sine medlemmar har formidla inspirasjon og kunnskap i praktisk landbruk. Bøndene har skaffa seg kunnskap og synt farbar veg gjennom forslag til jordnær og fornuftig landbrukspolitikk.

Engasjementet og viljen til innsikt, og til å finna løysingar, har vore imponerende stor. Dei som tenkjer at eg nå skrøyter, kan ta seg ein tur inn i protokollane og sjå sjølv. Då får de også sjå kor fin handskrift folk hadde for 50-100 år sidan – og då får de heilt sikkert sjå handskrifta til folk de er i slekt med.

KOLSVART TYSDAG

Bondelaget si historie handlar også om ein annan kolsvart tysdag. Det var dagen då hakekorsklædde fly av type Junkers- og Focke-Wulf kom i svære brølande sveip sørfrå og strauk med minimal klaring over lokalprodusert pannestein på låge jærhus og små løer på Varhaug - tysdag morgon 9. april 1940. Luftwaffe sine pilotar flaug så lågt at du kunne få augekontakt med dei. Og gjorde du det, såg du at dei ikkje hadde godt i sinne.

Eg skal ikkje ein gong prøva å mala fram stemninga og fortvilninga som følgde dei komande fem åra. Men me har grunn til å vera stolte over styret i Varhaug Bondelag, som kontant nekta å melda seg inn i Quisling sitt nazifiserte Norges Bondesamband.

I 1941 la styret i protest ned laget, tømde kassabehaldninga og brukte pengane til ein potetsorterar og ei sleperive, som lagsmedlemmane kunne låna.

Hundre år etter at Varhaug Bondelag starta på den lange reisa frå jernskodde kjerrehjul og hardt brunvatn mot dagens mjølkerobotfjøs og fiberkabelnett, høyrer nokre linjer om 1950-åra med.

HALLESBY OG PRØYSEN

Det var tiåret då den uskulldige nasjonen Norge sine to ytterpunkt var entertaineren, Alf Prøysen og indremisjonshovdingen, Ole Hallesby. Det var då dei første kjøleskapa kom til bygda, og tiåret då dei hjulbeinte traktorane for alvor kom putrande inn på tuna. Bøndene streva med å styra dei nye hestetekreftene. Dei sleit i rattet og ropte ptroo! Enkelte greidde ikkje å stoppa motorfarkostane og small inn i husvegger og steingardar.

I ei 100-års oppsummering burde eg skrive om Gerhardsen og 1960-talet. Om EF kampen i 1971 og det etter kvart berømte opptappingsvedtaket i 1975, som fekk Olav R., Holger Kjølvik, Sverre Ånestad, Kjellaug Kvía, Liv Hobberstad og mange andre til å bestilla betongelement hjå Hå Bygg, hjå Rolf Auestad og Livar Tjensvoll.



Varhaug Bondelag sitt styre i jubileumsåret. Bak f.v.: Gaute Ødemotland, Runar Odland og Thomas Vagle. Framme f.v.: Åsgeir Aasland og Per Kristian Skrettingland Haarr.

ØYANGEN-STØKKEN

Det var ikkje berre bøndene som fekk eit løft. Rent-enivået på 1980-talet følgde NASA sine romferjer gjennom atmosfæren. På 1980-talet fekk me i tillegg landbruksminister Gunhild Øyangen frå Levanger. Med blankofullmakt frå Mor Norge, Gro Harlem Brundtland, sette ho støyken i stødige bondetillitsvalde som Torgny på Ånestad, Eirik i Bakken og Geir i Hållå, då ho byrja å marknadstilpassa det norske landbruket for å gjera oss spiselege for landa me ville handla fisk, aluminium og olje med. Når eg skriv WTO, GATT og EFTA, så er det ein del bondelagsvet-eranar som nikkar attkjennande.

DET STORE FAKKELTOGET

Eitt av mine sterkaste minne frå då eg var tillitsvald i Varhaug Bondelag var då me reiste i ekstratog til den store Nei til EU-demonstrasjonen i Oslo rett før avstemminga i 1994. Det er ikkje sikkert at det er slik. Men me som var med den dagen følte framti-da vår og alt me stod for, stod på spel då nasjonen skulle seia ja eller nei til medlemskap i den euro-peiske unionen. Det var nullføre, sludd og skodd på Yongstorget. Men det var ingen som fraus. Lukta av svidde faklar og fuktige klede sit framleis i nasen min 26 år etter. Den dagen fekk eg kjenna på korleis det er å høyra til i eit stort bondefellesskap.

Strukturendringane i Varhaug-landbruket har vore enorme dei siste 25 åra. Frå me frå klokka seks kvar morgon kunne høyra symfonien frå dei oljesmurde vakuumpumpene frå kvart eit minste fjøs over heile bygda, til i dag, kor lyset er sløkt og mjølkerøyra er demonterte i svært mange bygningar.

SpareBank
SR-BANK **1**
Sammen får vi ting til å skje.



Eg kunne skrive om dei som har satsa på eit liv i bondeyrket dei siste 20 åra, og dei mange som har funne seg eit anna utkome i same perioden. I staden vil eg heidra kvar og ein som har vore med på reisa saman med Varhaug Bondelag.

LIKE FAMILIEHISTORIER

Eg skriv litt om mine. Og medan eg gjer det, kan du sjå føre deg dine. For familiehistoriene våre er temmeleg like.

«Du er ute og rikkar», sa folk til kvarandre når dei møttest før i verda på Varhaug. Kvifor dei sa det, er sjølvst. Dei rikka når dei gjekk. Og det har sine grunnar.

Bestemor, Rakel Håland, døydd i 1971, 75 år gammal. Då var eg ni år. Ho budde i kårhuset på garden. Ei fantastisk kvinne som hadde god tid til å lesa for meg. Eg hugsar ikkje lenger stemmen hennar. Men eg ser ho føre meg når ho kom gåande opp til huset vårt. Bestemor vagga eller rikka når ho gjekk.

Det var ikkje noko oppsiktsvekkjande ved det. Det var verken komisk eller tabu. Det var resultatet av barnefødsler, til tider næringsfattig kost og eit liv i slit. Eit liv før smertelindring og helsesentra kom, og før nokon hadde begynt å tenkja på å erstatta utslitne kne, hofter eller ryggvirvlar med titan-protesar. Bestemor hadde bureist i snaue Tjemslandsmarka i 1920 saman med bestefar, som heitte Sven. Dei to fekk ti levandefødde barn.

DEN STORE KJÆRLEIKEN

Bestefar hadde ein farbror. Ivar Håland budde saman med si Thea i Brooklyn, New York. Dei to nygifte kunne heller reist dit i 1920. Det var ikkje aktuelt. Det var bondelivet på Varhaug som freista. Ein hest, ei spade, ei steinrik lyngmark, gratis utsikt til evigheten og ein mildt rusande skrå under leppa. Spove og vipa på bakken og ei jublande lerke opp mot jærhimmelen. To unge med sterke armar og stort mot.

Det var alt. Og det synte seg å vera nok. I ei strofe frå Garborg og Gud signe Norges land heiter det:

*I Kjærleik varm og mild
me legg vaar Vilje til,
daa veks det fram.*

Kanskje handlar bondeyrket om det ordet som generasjonane før oss brukte lite, men som låg i all deira gjerning. Kjærleik. Kjærleik til jorda og garden og odelen og kjærasten og mor og far eller dei som måtte ha lagt veitene der du haustar graset ditt i dag.

DOVREFJELL-BONDEN

Noko av det som grip meg mest, er dei gongene eg treffer på ein mann som ser ut som prototypen på min barndoms Varhaug-bonde. Då var det ein mann. I dag er det like gjerne ei kvinne. Heldigvis. Men denne mannen min er mager som ein tilårskomen gjerdepåle, og mest like mosegrodd. Du kan omtrent sjå tvers gjennom han der han står i ein mørk blå kjeledress med svarte Viking-støvlar og sveiar i nordavinden. Han er skeiv som ei vindpiska raudn og kronisk halt. Andletet liknar på eit satellittbilete over Dovrefjell. Kjem du nærare på enn koronameteren, ser du at dei blå elvene i satelittbiletet er små sprengde blodårer som vitnar om tiår med regn på tvers og heimerulla sigarettar av merket Blå Rose eller Tidemanns Gul med grovt snitt.

I andleta til bondeveteranane er slit og lukke smelta saman i førene. Varhaug Bondelag har vore ein del av denne strevsame, men gilde bondekvardagen i hundre år.

Gratulerer, Varhaug Bondelag!




BETONGARBEID - TREARBEID
Møllevn. 12, 4360 Varhaug • 51 79 85 79



FARGERIKE
Halvorsen

DRONEMYSTERIET

Kva i all verda er dette? spør du kanskje deg sjølv om. Kva har ei drone å gjera i Varhaugbuen, og kvifor er det eit mysterium?



Svaret er heilt enkelt. Det er tittelen på ei krimbok som kjem ut nå i november -GranittGutta-Drone-mysteriet - og forfattaren er lærar på barneskulen; Svein Jarle Åbrekk frå Olden i Stryn. Han er 41 år, og bur på Nærbø med kone og 2 barn, som går i 1. og 4. klasse. Han har vore lærar på Varhaug skule sidan 2008, og rett tittel er nok adjunkt m/opprykk.

Svein Jarle seier sjølv at han kjem frå eit Ivar Aasen land, og at han vaks opp med nynorsk. Som lærar såg han at det ikkje var enkelt å få elevane til å lesa nynorsk. Dette galdt særleg gutar, som ikkje hadde fotball som den største interessa. Mange av bøkene var og oversett frå eit anna språk, og nynorsken var mange gonger «misserabel». Det var nytta mange gamaldags ord, som til vanleg ikkje er i bruk i dag, så ungane forstod ikkje kva dei las. Svein Jarle såg etter ei tid at det var stort behov for ei nynorsk bok, kanskje med meir moderne ord. Etter ei tid modna tanken seg; kva om han kunne få til ei bok sjølv. Han ville prøva, men kva skulle han skriva om? Han hadde sjølv vore interessert i dataspel, og tenkte at dette var kanskje vegen å gå, og så var «Dronemysteriet» på gang.

Boka handlar om 2 gutar, der den eine sit i rullestol, men dei har ein felles interesse; dataspel. Og då det dukkar opp ei drone, må jo gutane finna ut kva dette er. Skal ikkje røpa så mykje meir av fortellinga nå. Boka kjem ut 15. november, så her er det berre å gleda seg.

Svein Jarle har ikkje søkt, og heller ikkje fått noko støtte til dette bokprosjektet. Hittil har det berre vore utgifter, ikkje minst til konsulent tenester han har kjøpt til ting han ikkje hadde greie på sjølv. Men om boksålet berre dekkjer det han har hatt av nødvendige utgifter, skal han vera glad. Og vert boka godt motteken, ser han ikkje bort frå at det kan verta ei fortsetjing på mysteriet ...

Varhaugbuen seier takk for denne infoen, og ynskjer Svein Jarle til lukke med den nye boka. Denne kan jo vera ei gild julegåve?

Liv



FRÅ REDAKSJONEN

I dag var eg på trimmen som vanleg. Me brukar den store hallen på Iden, så der kan me stå 2 meter frå kvarandre. Oddbjørg hadde snakka med smittevern legen, som hadde sagt at det var viktig å halda seg i aktivitet, og held ein berre avstand til kvarandre så var det greitt.

Nå er eg nett ferdig med blad nummer 4 i denne korona tida. Det første var akkurat ferdig, då landet omtrent vart stengt ned. Sjølv om myndighetene meinte det kom til å koma ein ny smitte-topp igjen til hausten, trudde eg ikkje dette ville skje. Alt såg jo så greitt ut, og me hadde omtrent like få smitta i kommunane Time, Klepp og Hå, men plutselig auka det i Hå, og fleire me kjente var smitta. Dette var skummelt, for då kom dette viruset liksom nærare oss alle. Her følte vel dei fleste at dei hadde gjort det rette; halde ein viss avstand og vore flittig med sprit og handvask. Men, likevel så skjer det?

Nå vert julemesse og andre arrangement avlyst, og det er restriksjonar kor mykje folk som kan vera saman, både ute og heime, så det er i grunnen ikkje noko gild førejuls tid me går i møte. Men mange av oss har nok vore ute ei «vinternatt» før, så dette kjem me nok igjennom ved å halda fram med dei rette smittevern reglane; Hald avstand, vær mest mogeleg heime og sprit og vask hendene godt.

Ynskjer alle ei så fin førejuls tid som mogeleg, og håpar på eit nytt år med mindre korona.

Liv

KJÆRE VARHAUGBUAR!

Det skjer mykje på Varhaug skule for tida. Snart står eit heilt nytt skulebygg med 16 gode klasserom, fleire grupperom og eit flott nytt skule- og folkebibliotek klar. Planen er at alt dette skal vera klar til bruk før 1. februar 2021. Me gler oss enormt, og det er ikkje til å stikka under ein stol at det har vore ein krevjande periode med lite uteområde, svært lite plass inne, brakker og eit trinn som har skuledagane sine på Iden. Hadde ikkje elevane og vaksne vore så løysingsorienterte og positive, hadde ikkje dette gått så bra som det gjer.

KORONA

Som resten av samfunnet, har smittevern og koronaviruset hatt stor påverknad på skulekvardagen. Me passar på at elevane på dei ulike trinna ikkje er saman i timar og friminutt, me vaskar hender og held avstand. Vaksne og barn som ikkje er friske held seg heime. Til vanleg hadde me gått på arbeid sjølv om me hostar litt, men det kan me ikkje gjera no. Det er vanskeleg å vite kvar grensa går for å vera heime, men foreldre og tilsette har vore gode til å ta ansvar for å unngå vidare smitte.

Møter gjennomfører me digitalt der det er mogleg, og med god avstand der dette ikkje er mogleg. Blant

anna hadde me for første gong digitalt FAU-møte den 3. november. Det var spesielt, men gjekk utruleg bra.

Alle desse tiltaka er viktige slik at me saman arbeider for å unngå koronasmitte på Varhaug skule. Me kan likevel ikkje garantera at ingen vert smitta, men dersom det skulle skje, er det utarbeida gode rutinar kommunalt.

NASJONALE PRØVAR

Elevane på 5. trinn hadde nasjonal prøve i engelsk, lesing og rekning tidleg i haust. Elevane leverte veldig gode resultat! Dei er på landsgjennomsnittet i engelsk og lesing, og langt over landssnittet i rekning. Desse elevane er det første trinnet som har hatt utviklande matematikk i 4 år før prøva. Me er utruleg stolte!

Å GLE SEG

Å gle seg til noko er alltid kjekt! Me gler oss til nytt skulebygg, nytt bibliotek, nytt mat- og helseklasse-rom, ny kantine, nytt amfi, nytt uteområde og meir plass. Det viktigaste er likevel å gle seg til, og ha tru på, at me igjen skal få ein normal kvardag, der me kan vera saman og byggja gode relasjonar.

Helsing Johan Omland



JÆRØK DA

SIN AVDELING PÅ VARHAUG FLYTTER INN I STUELANDSBYGGET FRA 1. JANUAR 2021

Jærøk DA er et regnskapsfirma som ble stiftet i 2004 av Jonas Varhaug. Selskapet leverer tjenester innen regnskap, lønn, fakturering, skatt, samt relaterte konsulenttjenester som f.eks. selskapsstiftelser, gardsoverdragelser og omstruktureringer. Tjenestespekteret vårt inkluderer også salg av tjenester hvor vi jobber ute hos kundene våre.

For tiden har Jærøk ca. 500 gode kunder fra forskjellige bransjer. Hovedkundegruppa vår er enkelpersonforetak (inkl. jordbruk), små og mellomstore aksjeselskap, boligsameier, foreninger og deltakerlignede selskaper (ANS/DA).

Jærøk åpnet sitt første kontor i sentrum av Bryne i 2005 (flyttet til Håland ved Bilterma i 2017). Etterhvert ble det også åpnet et avdelingskontor på Stangeland i Sandnes (Welhavens vei 19).

I 2018 åpnet Jærøk enda et avdelingskontor, denne gang på Felleskjøpet på Varhaug.

Nå har tiden kommet for å satse ytterligere på Varhaug. Fra 1. januar 2021 flytter vi derfor inn i 2. etasje i Stuelandsbygget. Vi håper at denne nye beliggenheten sentralt på Varhaug vil gjøre det enda enklere for nye og eksisterende kunder å besøke oss.

Jærøk sitt hovedfokus er kundene og de ansatte. Helt fra oppstarten har Jærøk lagt vekt på et høyt servicenivå hvor kundene hele tiden er i fokus. Dette gjør vi ved å forstå kundenes virksomhet slik at vi kan komme med fornuftige råd angående drift og skattetilpasning.

For tiden arbeider det 14 personer i Jærøk som hver dag er til stede for kundene og gjør sitt ytterste for å levere god kvalitet og kjempebra service til en konkurransedyktig pris.

Det er flere ting som skiller Jærøk fra våre konkurrenter. De fleste av de som arbeider i Jærøk er med på eiersiden i selskapet. Vi tror dette bidrar til at de som arbeider hos Jærøk blir værende her lenge og at dette gjør det ekstra motiverende å gjøre en stor innsats for våre kunder hver dag. Jærøk skiller seg også fra de fleste av våre konkurrenter ved at vi har kompetanse både innenfor jordbruk og annen næringsvirksomhet.

Besøk gjerne hjemmesiden vår på www.jarok.no for mer informasjon.

Jonas Varhaug



TRAFIKKVAKTER – NÅR UNGANE SKAL PÅ SKULEN

Husker de i fjor, då eg skreiv om Dyngeland som var trafikkvakt v/Halvorsen?

Nå er det igjen mørketid, og skulen har bruk for nokon som kan vera trafikkvakt om morgonane mellom klokka 7.45 og 8.20.

Rektor seier dei heldigvis har fått nokre vakter, men dei har bruk for fleire. Det er mei enn ein stad ungane må kryssa vegen for å koma til skulen.

Er det einkvan som kan tenka seg denne morgonfriske jobben, så ta kontakt med skulen. Liv





NYTT FRÅ MISJONSHUSET

IKKJE HEILT STILLSTAND

Medan Coronapandemien har stoppa mange arrangement og førd til at fleire har fått endra opplegget,- så er det ikkje heilt stillstand på misjonshuset.

Men ein ser at homlebølet, med mange små ungar har innstilt verksemda denne hausten. Og også dei gode søndagssamlingane som er kalla SUNDAG har tatt pause ut året. Og andre, som julemessene har justert opplegget slik at de kan forgå innanfor gjeldande smittevernreglar.

For dei som har mesteparten av livet bak seg, kan det vere av interesse å sjå på årsmøte-papira og andre historiske dokument. Mykje av det historiske materialet har no vorte scanna og kan søkast på som PDF-filar. Sekretær i styret har oppdaga at i referatbøkene er referata frå t.d. årsmøtane tilstades,- men ikkje årsmeldingane. Dersom nokon har årsmeldingar frå før 1985 vil underteikna gjerne låne og scanna inn dokumenta. Av referata, så er det referatet frå årsmøtet 12/3-2015 for året 2014 som manglar i referatbøkene. Kan hende har nokon av dei som les denne utgåva av Varhaugbuen referatet liggjande ein stad. Sjå på internett på heimesida til misjonshuset på URL som fylgjer her: <https://www.varhaug-misjonshus.no/filer/aarsmoter/oversikt.html>

Men me er i gong att med haustsemesteret 2020 med smittevernreglar og sprit,- og mange arrangement er avlyste grunna Corona.

Sjå program på oppslag og i annonsar og følg med på internettsida til Misjonshuset, www.varhaug-misjonshus.no, der ein kan finne program og planlagde ting framover.

Ver merksam på kontortida på misjonshuset som er måndagar og torsdagar kl 2000-2100, og telefon er 51430808. (Telefonnummeret vert kopla til ny mobiltelefon sidan Telenor kutter ut bruk av kobberleidning for telefoni.) Det er berre 1 time, men ein kan tinga rom ved bruk av internett: http://www.varhaug-misjonshus.no/?page_id=752

E-post kan sendast til post@varhaug-misjonshus.no

Gateadressa er Ånestadvegen 21, postadresse er boks 103, 4368 Varhaug

Velkomen til Misjonshuset.

Med helsing, Per-Arvid

VARHAUG PENSJONISTLAG

Grunna koronaen vert det ikkje fleire møte i laget i 2020.

Styret i pensjonistlaget vil ynskja medlemmer og andre ei fin julehelg, og eit godt nytt år. Me veit endå ikkje korleis nyåret vil verta, men håper koronaen då er på hell, slik at me kan starta opp at med møta våre i januar.

Helsing Halldis



«Agnes og dei» er mest som fast innslag på pensjonistmøta, her frå oktobermøtet. Imponerende korleis Olav Varhaug på 90 år framleis får fingrane med seg på trekkspelet.

ABRØR

Trenger du hjelp
ta kontak med okka
folk på Varhaug!!!
Ring 48 50 97 81



Vi utfører alle
typer oppdrag innen:
Bolig, nybygg, rehabilitering,
service, fjøs og industri



Jan Inge Auestad
48 50 97 81
janinge@abror.no



Tlf 48 50 97 80
post@abror.no

LIONS CLUB HÅ SELGER OGSÅ I ÅR JULENEK



Lions Club Hå er en veldedig organisasjon som gjennom dugnad og salg samler inn og deler ut penger til forskjellige prosjekt og formål, både internasjonalt, nasjonalt og lokalt. Lions er en verdensomspennende frivillig organisasjon som har over 9000 medlemmer i Norge. Når vi samler inn penger går 100% til hjelpetiltakene. Utgifter til driften dekkes av medlemskontingenten.

Det største innsamlingsprosjektet vårt hvert år er salg av ca 1500 julenek. Dette gir oss en inntekt på ca kr 130 000.-. Hele dette «nek-prosjektet» gjennomføres i flere deler (såing, høsting, pakking og salg). Høstingen blir gjennomført først i september, og avlingen ligger nå trygt i hus på Nærbø. Årets pakking av nek ble utført i løpet av 4 kvelder i oktober.

Vi vil selge «juleneke» fra og med uke 49. Dette blir normalt gjennomført ved «stands» utenfor Coop butikkene på Nærbø, Varhaug, Vigrestad og Brusand, samt 2 annonserte kvelder der våre medlemmer selger/utleverer på dørene. Ved betaling oppfordres kjøper til å bruke Vipps eller

overføring til konto (neka vil ha klistermerke med vippsnr og kontonr til Lions, og neka koster 100 kr. pr stk.)

I år vil vi ha egen facebook-side hvor du kan bestille/kjøre nek og de vil bli levert ut i uke 49. Søk opp Lions Hå og du får informasjon om hvordan du bestiller og betaler. Vi kommer også til å komme rundt på dørene for å selge, men i disse korona-tidene er det nok ønskelig med minst mulig kontakt selv om vi holder oss til smittevernrutinene.

Ved å kjøpe et par nek er du med på å hjelpe andre mennesker som trenger hjelp, enten det er lokalt, nasjonalt eller internasjonalt. Nek er fin pynt i jule-tiden og husk at småfuglene har rutiner om dagen slik som vi. Har lagt merke til at de er innom neket to til tre ganger pr. dag.

Torodd Varhaug



LIONS CLUB HÅ FIKSER OG MERKER TURLØYPER I KOMMUNEN

I oktober hadde Lions Club Hå dugnad to dager der arbeidet bestod av å fikse gjerdeklyvere og oppmaling av merkene i turløypa fra Varhaug gamle kyrkjegard til Hå gamle prestegard. I tillegg til noen småjobber på Vigrestad og Oga. Hvis du oppdager at noe er ødelagt når du går tur på merkede turløyper i Hå, kan du gi beskjed til Lars Erling Friestad i Hå kommune, mob. nr. 41532643, så vil han ta ansvaret med å utbedre feil og mangler.

En alliansebank i **eika**.



Du blir større i en mindre bank
Vi kjenner nabolaget ditt, bygda di og byen din. Jo bedre vi blir kjent med deg og dine behov, jo bedre kan vi hjelpe deg.



Du kan'kje drikke kaffi på telefonen
Vi tilbyr ansikt-til-ansikt kontakt med våre rådgivere på et kontor nær deg. Daglige behov fikser du enkelt i mobilbanken vår.



Jærsk business er vår business
Vi tilbyr små og mellomstore næringskunder et bredt og kompetent tilbud. Fire rådgivere vier all tid til landbruket.



Vi støtter og sponser lokalmiljøet
Vi pløyer deler av overskuddet tilbake til ditt nærmiljø, slik at Klepp, Time og Hå blir enda bedre å bo og leve i.



Du får rask respons og treffer fjåge folk
Våre rådgivere kan hjelpe deg med veldig mye. Hos oss møter du mennesker, ikke roboter. Våre medarbeidere bor og virker i lokalmiljøet.

Hvorfor velge
Jærens eneste
lokalbank?

Telefon 915 03290 | www.jaerensparebank.no

jæren
sparebank



SYKKELVEGEN ERKLÆRT OPNA

Eg lurar på kva han ville meint, den gamle bonden på Lerbrekk, fredag 21. august 2020, om han hadde hatt mulighet å delteke der. Eg tenkjer på han Jeremias Thoresen Lærbrekke, som 18. november 1864, «med påholden penn», skreiv under på «en overenskomst med Haa Præstegjelds skolevæsen, om å avgive en Grund av min påboende Gaardspart, Lærbrekke, til tomt for en Kredsskolestue med til stødende aftrukket Tumleplads for Børnene». Og nå i 2020 får me ein førespørsmål frå Rogaland Fylkeskommune ved Anne Kristin Gangenes i Hå kom., om å få bruka skulen og parkeringsplassen på Lerbrekk i anledning opninga av den vel 3 km nye sykkelvegen langs FV 44. (Postvegen som me sa før). Sjølvsaft seier me ja til slikt.

Fredag 21. august kom med eit ufyseleg ver -kuling frå sør, og regn. Folk frå fylket kom tidleg med både telt og bardunar for å til livd over talarstol og teknikken m.m. Planen var at alt skulle gå føre seg utandørs p.g.a. korona. Etter kvart kunne Linda

Karlsen Longfjeld frå Fylkeskommunen, helsa dei 35 inviterte vel møtt.

Så fekk Fylkesordførar Marianne Chesak ordet. Ho gjekk i grove trekk gjennom det som har vorte utført av arbeid, sidan planleggjinga av prosjektet starta for 5 år sidan. Ho takka og alle som på forskellig vis har gjort ein kjempe jobb her. Hovedentreprinøren har vore Bertelsen og Garpestad. Rogaland Fylkeskommune har «bladd opp» 53 mill. kroner til prosjektet, vart det sagt.

Ordførar Jonas Skrettingland fekk så ordet. Han gav uttrykk for stor glede og takk, at me endeleg har på plass dei godt 3 km sykkelveg som mangla mellom Bratland og Grødaland. «Nå kan me sykla frå Husveg til Stavanger», nesten ropa han ut til dei frammøtte.

Til blomeutdelinga etterpå fungerte Torvløa på skulen som base.

I sydvest, regnfrakk, og nokre prøvde med paraply, kryssa flokken Fv 44, og ut på sjølve sykkelvegen for å oververa snorklyppinga. - Og der kom Ragnvald Wernø på trihjuls sykkel, med Maciej Stroynwski, i vogna. Pianoet stod alt klart på sykkelvegen, der dei to frå Hå kulturskule, skulle framføra eit musikkstykke før snorklypp. Ragnvald og Maciej resikerte både flosshatt, snippkjole, dress og piano i ruskeveret,



for å setja ein ekstra spiss på opninga. Dette fekk dei stor applaus for.

Både TV-Vest og NRK- Rogaland var på plass for anledninga.

Marianne Chesak klyppte snora, medan prosjektleiar på Fylket, Åsbjørn Søyland heldt i eine enden, og Jonas Skrettingland i andre.- Og straks dette var gjort, sende den kraftige vinden flagstonga med Norsk flag rett i asfalten på skuleplassen. (Det var Fylket si stong og flagg). Og nå forstod dei frammøtte at det var best å koma seg innomhus. Så siste del av festen, med kake, kaffi, brus, vart rundt borda i «Nøra skulestova». Då melde og spørsmålet seg om Sigbjørn ville fortelja litt om den gamle skulen, og bruken i dag. Det slo godt ann. Dei fleste som var samla hadde aldri tidlegare vore her.- Linda Karlsen Longfjeld skreiv fylgjande i gjesteboka: «Vi setter stor pris på gjestfriheten, og for at vi fikk søke ly for reinet. Takk, takk. Takk også for spennende historiefortelling.»

Me i Vennelaget er takksam for dei ville bruka denne kjære møteplassen vår på skulen. Dette var ein historisk dag i Varhaugbygda.

Sigbjørn Varhaug




UNDERGANGEN PÅ VARHAUG

Nå som eg har vorte «stasjonskåna», går eg mange gonger gjennom undergangen, og kvar gong stoppar eg opp og ser på «utsmykkinga» på veggen. Dette var Arnstein Skretting sin ide, og han som fekk desse platene opp på veggen. Det er mest 800 plater med teikningar og anna pynt på. Nå tregar eg på at ikkje eg og laga eit på Varhaugmarken for eit par sidan. Kunne jo våre litt gildt og sett på nå.

Veit ikkje om det er jernbanen eller kommunen som har ansvaret i denne undergangen. Om det er kommunen hadde det vore gildt om dei til våren fekk fiksa litt opp her. Denne årstida er ikkje den rette for maling mm. Liv

**HAALAND
BILVERKSTED**

OPSTADVEGEN 647, 4360 VARHAUG
TLF. 90 50 65 66



**HELLA
MASKIN AS**

**Varhaug
Park & Hage**

Dublandsv. 35A, 4360 Varhaug
Tlf. 51 43 59 00 - www.vph.no
E-post: post@vph.no



Sitjande f.v.: Margunn Kristine Framnes, Ingvor (Skretting) Tofte, Asta Mary Auestad, Reidun Nord-Varhaug.
Ståande f.v.: Brit Obrestad, Hallvard Aanestad, Einar Reime, Ingeborg Lerbrekk, Marit Synnøve Aanestad, Irene (Ueland) Bratland, Svanhild Maria (Skretting) Varhaug, Magnus Husveg, Rannveig (Lerbrekk) Hodne, Jan Varhaug, Mildrid (Ånestad) Braut, Jostein Djøseland.

KLASSESAMLING (1953 - 1960)

I år er det 67 år sidan me starta på Ånestad skule. Og i september var det 60 år sidan me vart konfirmerte.

Dei fleste jentene som eg gjekk i klassen saman med, har hatt eit årleg treff dei siste ti åra sidan me var 50 årskonfirmantar. I 2013 var det treff for alle. Jentetreff var planlagt i år og. Men så skjedde det noko uventa.

I slutten av januar fekk eg ein telefon frå ein av gutane i klassen. Han hadde høyrte «ein fugl» som kvitra om desse jentetreffa og tykte det var noko stusseleg at ikkje gutane skulle få vera med. Sidan det er jubileum i år må det vel passa at alle samlast, meinte han. Så dermed byrja «snøballen» å rulla. Kor skal me vera? Lerbrekk skule eller heime hjå nokon? Resultatet vart at me vart inviterte heim til Jan Varhaug. Me heldt fast på den dato som jentene hadde planlagt, og inviterte alle i klassen. Dette vart bestemt før landet vart stengt ned.

I sommar lurte me litt på koss dette ville gå når landet tok til å verta litt meir normalt. - Her er god plass, seier Jan, så eg trur det skal gå godt.

Den 16. september var me 16 (av 19 som lever) som var samla heime hjå Jan Varhaug. Spriten til utvorte bruk, stod klar i gangen. Det var ein umåteleg gild ettermiddag med mykje mimring og lått. Alle tykte det var kjekt å sjå kvarandre sjølv om me ikkje fekk gje nokon klem. Einar Reime hadde dikta song for anledningen. Han hadde utfordra Jan til å skaffa eit instrument slik at Brit kunne spela til.

Me er ikkje akkurat nokon ungdommar, men alle såg forbausande godt ut og var i fin form. Det har blitt mange positive tilbakemeldingar, og mennene meiner det er på sin plass at det vert samla treff kvart år. Dei har ikkje lyst å vera på sidelinja lenger.

Brit Obrestad

Klassesamling

Hos Jan onsdag 16.09. 2020 kl. 13

Mel.: Barndomshjemmet

Nok en gang vi fikk det til å komme sammen
for å mimre litt om mange, fjerne år.
Og hva annet kan det bli enn fryd og gammen,
hver gang kjære klassevenner samles får?
Seksstisju år siden første dag på skolen,
hele seksti år - si' vi ble konfirmert.
Det er ikke til å stikke under stolen
slike harde fakta Brit har poengtert.



Kanskje er vi ikke alle like raske
som den gang i livets lyse, fagre vår.
Kanskje noen føler stadig de må traske
til det sted hvor en kan skjule gråe hår.
Det er noe vi må legge oss på minne,
ja, et faktum ingen her bestride kan;
trass sin alder kan man være ung i sinnet,
uansett om en er kvinne eller mann!



Åse hadde oss på første klassetrinnet,
og på andre trinnet Helga lærdom gav.
Så i tredje klasse Bjørg var lærerinne
mens de siste fire Framnes tok seg av.
Jeg var ikke største skolelys i klassen,
klandrer ikke noen lærere for det.
Men i livets skole lærte lille tassen
at enhver er kun sin egen lykkesmed.



Alle sammen av oss kjenner hovedgrunnen;
hvorfor tjue-tjue ble et år så rart.
Det gjeld nærhetsregler da for denne stunden,
men som Jan på lovlig måte løste smart.
Absolutt fortjener Jan stor takk og heder,
også de som nå har kommet langveis fra.
Takk til alle sammen - nå i lag vi kveder:
håper klassetreffet her har gjort deg glad!

Einar Reime



INNSAMLINGSAKSJON

Når du les dette er julemessene på Varhaug gjennomført, eller avlyst. Om dei kunne gjennomførast er usikkert i skrivande stund.

Det me veit er at inntektene frå julemesse og basar er sterkt redusert i 2020. Me håper at flest mogleg vil støtta NMS sitt arbeid tilsvarende det som vanlegvis er brukt på julemesse og basar.

NMS Julemesse på Varhaug har difor ein innsamlingsaksjon gåande fram til 15. desember. Blant gjevarane vert det trekt ut tre gavekort på kr 2 000.

Oppdatert innsamlingsstatus kan finnast på heimesida til Misjonshuset (varhaug-misjonshus.no). Namnet på vinnarane vert gjort kjent der innan 18. desember.

Støtte kan sendast til:

Vipps nr. 627533
(NMS Varhaug Julemesse)

Bankkonto 3335.31.92871

Det er også muleg å gje direkte til NMS for å få skattefrådrag. Meld då om kor mykje som er sendt til Njål Omland på tlf. 916 89 177

Om nokon vil betale med bankkort eller kontanter kan du senda melding til Njål, så kjem me innom og ordnar dette.



JULETRESALG



I år står Varhaug Idrettslag for salg av juletre ved SPAR Varhaug.

Overskuddet går uavkortet til Varhaug Idrettslag og det arbeidet vi gjør i lokalsamfunnet.

Takk for at du støtter oss!

JULEGRANA UTANFOR RÅDHUSET

Ja, så gjorde koronaen dette og. Ikkje vert lysa tent som normalt, ikkje vert det gang rundt treet med julesongar og ikkje vert det utdeling av kakemenn eller liknande. Synd på ungane, som ikkje får med seg denne årlege tradisjonen, men eg trur ungane tek dette med fatning. Dei har jo vorte vane med denne koronaen, med ekstra handvask osv. I staden får me berre ynskja alle ei fin julehelg, og eit godt nytt år.

Etter at eg hadde skrive dette, fekk eg vita at lysa skal tennast saman med ein barnehage, og at opplegget skal sendast digitalt, nett slik det det vart gjort med 17. mai feiringa.

Dette er eit samarbeid med kommunen og bedriftsforeninga. Og dagen er 27. november kl. 17.00.

Liv



SYKLA PÅ JÆREN

Eg vart utfordra av Per Arvid Jakobsen til å skriva litt om syklinga mi. Veit ikkje om det har noko interesse for andre. Mange tykkjer nok eg er litt galen, men det får våga seg.

Me er heldige her i Hå som har mange gode sykkelstiar. Den siste delen frå Grødaland til Bratland vart som kjent opna i år. Det hadde vore kjekt om me kunne fått den forlenga frå Husveg til Kvassheim slik at den søre ruta kunne fått litt variasjon.

Når eg skal ha meg ein luftetur likar eg best å bruka sykkel. Og helst på vegar med liten trafikk. Då får eg fred og ro i sinnet, og kan nyta naturen. Her på Jæren har me jo vegar på kryss og tvers over alt, spesielt frå Varhaug og nordover i Time og Klepp. Eg må likevel vedgå at eg oftast tek dei same rutene. Og eg likar best når vinden kjem frå nord, for då er det fleire ruter å velje mellom.

Etter ein runde om Stokkeland og Aniksdal, lurte eg ein dag på om eg skulle prøva opp Stølane. Har vore litt ivesam på dei lange, bratte bakkane i sommar, men skit, la gå, eg prøve. Jammen kom eg opp, sakte, men sikkert. Bonusen etterpå er ein fantastisk utsikt, og så går sykkel mest av seg sjølv nesten til Kydland. Herleg! Så eg tok like godt Skrettingsbråtet i same slengen. Sykkel er fantastisk. Ein tur med den får ut mykje frustrasjon.

Eit anna alternativ dersom ein vil bryne seg på bakkar, er opp Tovdalsvegen, oppover Fuglestad, Mattingsdal og Tovdal. Då må vinden vere frå sørvest. Energien må vera på topp, og det må vera passeleg god temperatur så eg kan greie meg med lett antrekk. Då er det ein god tur å måle kondis og uthalding. Det fristar ikkje med intervalltrening i bakkane opp frå Fuglestad, altså. For nokre år sidan var det ein som heldt på med det i dei bakkane. Eg for min del tykte det var veldig bra å trille nedover. Men så er eg ingen proff heller slik som vedkomanden var på den tida.

Den verste kneiken er opp frå Fuglestad. Dersom eg kjem opp den, det vil sei; tek det roleg og har rett gir, ja, då seier eg til meg sjølv: -nå klare du resten og. Dei neste bakkane er ikkje så bratte i stigningane.

Men dei er lange, så ein må ikkje misse motet. Å kome til toppen, ta ein liten drøs med dyra der, og så suse nedover Kartavoll og til Skjæret, er heilt topp. Må berre passe meg litt over feristene. For resten er ingen ting verre enn ferist i motbakke.

Det er lettare å ta denne vegen frå nordsida. Rett nok er det tungt opp Buevegen, men med litt vind i ryggen går det greitt. I år hadde eg litt problem, for vinden var litt austleg. Men eg kom meg nå opp. Då eg skulle sykla opp dem første lange kneiken på Tovdalsvegen, fekk eg problem då eg skulle gira ned. Var litt for sein, så kjettingen låste seg. Dermed måtte eg av og fiksa. Heldigvis har eg alltid eingongshanskar med meg, så eg slepp unna griseriet på hendene. Men å starta på lågt gir i motbakke er heilt håplaut, så eg måtte trille ned og starta på nytt. Då gjekk det heilt fint. Å trille nedover frå toppen går heilt strålande. Det er bonusen etter å streva. Denne dagen var nordavinden litt stri, så det var tungt frå Brusand og heim.

Ein annan tur som er verdt å ta om ein vil teste seg i motbakkar, er opp frå Undheim til Skjæret. Her er det og lange og seige bakkar. Elles er det mange ruter som ikkje krev så mykje. Vell, til tider kan kuling rett i mot vera ganske så stri mange gonger. Me manglar ikkje vind her på Jæren.

Til orientering: eg har ikkje el-sykkel. Ein sykkelstur er ikkje noko ork, men ei glede. Naturen varierer alt etter årstidene og veret. Det er mykje spennande blomar i vegkanten vår og sommar. Nokre gonger blir det litt mange stopp for å fotografere. God tur!

Brit Obrestad



HENGEKØYETUR I NOVEMBER

I starten av november var 10 elevar på Varhaug skule som har friluftsliv som valfag på tur. Det er inga stor overrasking at friluftsliv-elevar går på tur, men denne dagen skulle dei sova ute under open himmel.

Turen gjekk til Leksaren, der undervisninga starta med lunsj og planlegging av oppgåver. Elevane blei delte i grupper, og nokon grov hol til kokegropa, andre sette opp lavvo og dei siste hang opp presenningar i trea. Alle var einige om at det var krevjande å få opp nok presenningar til å dekkja 11 hengekøyer i regnvør, utan at nokon måtte sova i dråpefallet.

Kokegropa vart groven ut, eit trillebårlass med ved blei brent oppi ho og steinar blei lagt inni bålet. Då bålet var nesten oppbrent, tok elevane ut restane av kolet, slik at berre dei varme steinane vart att i gropa. Kjøtt og grønsaker, innpakka i mange lag aluminiumsfolie, blei lagt oppå dei varme steinane, før me dekte gropa med grastorvene som hadde vore der før. Då torvene dekte heile holet, var det einaste me såg nokre røykstrimer som kom opp. Ein time seinare var kjøttet ferdig steikt i «omnen» vår, og me kunne endeleg eta.

Skulen har eigen lavvo, og denne gjorde god nytte som bagasjelager då det regna litt det meste av dagen.

Dagane i november er korte, og då det var sein ettermiddag, var både lærar og elevar slitne og eigentleg klar for å ta kveld. Men ein kan jo ikkje gje seg så lett, så det vart tid til både grønsakssuppe og lappar på bål før det vart tid for å krypa i hengekøya.

Hengekøya gjev ikkje mykje varme, og det var dei som låg på skinnfell og hadde tjukk sovepose og fleire lag med ull, som klarte å sova i køya gjennom natta. Me andre måtte krypa i lavvoen for å halda varmen og det var nok fleire som ikkje sov så mykje den natta.

Då morgonen kom, var elevane tidleg oppe og klar for kakao. Olaug Grude Hobberstad arbeider på trinnet, og ho kom med nybaka rundstykker. Det varma godt i kalde kroppar. Då alle hadde rydda og leirplassen såg fin ut, var det mange nøgde elevar som kunne avspasera resten av dagen. Sannsynlegvis fekk dei kvilt godt, og nyt å få lov å sova i ei varm seng, laga mat i elektrisk steikeomn og vaska seg i ein dusj. Det gjer i allefall læraren.

Kristin Søyland

LOTUS BLOMSTER X 3

Slik må eg mest seia det, når Lotus på Varhaug, nå har butikkar både på Vigrestad og Nærbø i tillegg.

Varhaugbuen har hatt ein drøs med sjefen for desse 3, Gunn Tone Bratland, som kjem frå Nærbø og hadde då etternamn Grude. Ho er 41 år, gift med Tom og dei har to gutar på 8 og 12 år. På vidaregåande hadde ho faga Formgjeving og blomsterdekorasjon, og var så lærling i Blomsterkroken på Nærbø. I 1999 hadde ho fagbrevet, og starta modig opp med blomsterbutikk på Varhaug i gamle banken, der Pøbben er i dag. Dette var ganske tøft gjort, når ein tenker på at det og var ein blomsterbutikk i Stuelandbygget.

I 2005 skulle Kornblomen på Vigrestad slutta av. Dette fekk Gunn Tone eit lite hint om, tenkte litt, og vips så hadde ho ein butikk på Vigrestad og.

I 2011 flytta Gunn Tone blomsterbutikken til Stuelandbygget. Ho seier ho alltid har vore interessert i blomar og interiør, og her kunne ho nå verkeleg få på plass og gleda seg over begge deler. Interiørdelen i butikken har eit stort utval av ting og tang til huset, eller som ei gåve, om du treng det.

I mars 2020 var det klart for nok ein butikk, nå på Coop'n på Nærbø. Ho overtok Blomsterkroken 1. mars, men så kom koronaen og sette alt litt på vent. Men nå er ho kome godt i gang i ny renovert butikk. På Nærbø har Gunn Tone ein lærling, som var i butikken frå før, og som nå har eit halvt år igjen av læretida. Men ho er på jakt etter ein som kan vera der i tillegg, slik at det ikkje vert så travelt for dei andre tilsette ho har. Og i butikkane til Gunn Tone - Lotus Blomster - er det 8 tilsette, som utgjør 5 årsverk.

Gunn Tone seier at desse 21 åra med butikk har vore veldig gilde og givande. Ho har alltid hatt gode og faste kundar, og ikkje minst i denne vanskelege koronatida har dette vore godt.

Nå går det mot jul og det er alltid ei travel tid for butikken. Nå håpar Gunn Tone at kundane bestilte blomar i god tid, slik at dei slepp lange køar i denne korona tida. Dei kan og levera blomar på døra til deg, eller til nokon du vil gleda.



Nå kjem Gunn Tone og med noko heilt nytt. Til vanleg står det blomar og dekorasjonar ved den store butikkdøra etter at butikken er stengt. Men nå finn du eit skilt der det står at nå kan de kjøpa noko av dette her ved å bruka Vipps. Kjempesmart for dei som har Vipps!.

Gode kundar, og ikkje minst gode medarbeidarar er Alfa Omega, når ein skal driva butikk.

Gunn Tone vil seia takk til alle som har støtta opp om butikkane. Og ikkje minst i denne koronatida, for her har det vore tøffe tider. Det seier seg sjølv at når ein skal dekkja til konfirmasjon eller bryllup til eit fåtals gjester, treng ein heller ikkje så mykje pynt til borda.

Varhaugbuen seier takk for drøset, og ynskjer Gunn Tone og gjengen hennes det aller beste i ei uvanleg og nok litt vanskelig førjulstid.

Liv



Hå skulesjakk

Skulesjakken er no på Bø skule på Nærbø. Spelekveldane vart stoppa 12. mars og avlyste ut skuleåret, men frå 10. september har me hatt samlingar på torsdagar på Bø skule frå 1730-1845. Det har vore med 10 gutar denne hausten. Og me spritar hender og vaskar over bord og stolar etter bruk og følger smitteverntreglane.

Hå meisterskapen vart halde 24. oktober på Varhaug misjonshus-, med årsmøte, 6-runders turnering og sjølvsagt pizza og brus.

I meisterklassen var det 5 deltakarar. Jærmester vart Johannes Rodal frå Jærtun. Den nye vandrepokalen sponsa av slakteren på Varhaug vert ståande på Jærtun til neste meisterskap. I nybegynnerklassen var det 16 deltakarar, og også her var det ein Jærtun-elev som vann. Vandrepokalen i denne gruppa har vandra lenge,- for ingen skule har hatt tre vinnarar i nybegynnerklassen enno. Her var det Håvard B. Dahlstrøm som vann og fekk sitt namn som nr 12 på pokale som var gitt av .

Resultatlistar:

Håmeisterskap_2020

Varhaug Misjonshus, 24. okt 20

Gruppe Mester

Pl	Navn	Klubb	1	2	3	4	5	Poeng
1	Johannes Rodal	Jærtun	+4	+2	+5	+3	+W	5.0
2	William Ben Nilsen	Ogna sk	+5	-1	=3	+W	+4	3.5
2	Nils Tore Espegren Aarsland	Jærtun	+W	+4	=2	-1	+5	3.5
4	Thomas Stokke	Motland sk	-1	-3	+W	+5	-2	2.0
5	Henrik Nilsen	Ogna sk	-2	+W	-1	-4	-3	1.0

Håmeisterskap_2020

Varhaug misjonshus, 24. okt 20

Gruppe Nybegynner

Pl	Navn	Klubb	1	2	3	4	5	6	Poeng
1	Håvard B. Dahlstrøm	Jærtun	+12	+03	+04	+02	+07	+08	18.0
2	Aage Nielsen	Jærtun	+09	+07	+08	-01	+04	-03	14.0
3	Benjamin Surdal	Vigrestad sk	+11	-01	=05	=06	+09	+02	14.0
4	Torvald Våge	Varhaug sk	+14	+05	-01	+10	-02	+07	14.0
5	Pernille Høidahl	Vigrestad bsk	+06	-04	=03	-07	+13	+10	13.0
6	Mons Jakob Bjørland	Bø sk	-05	=15	+16	=03	=08	+11	13.0
7	Jonathan Ueland	Motland sk	+13	-02	+15	+05	-01	-04	12.0
8	Rune B. Dahlstrøm	Jærtun	+16	=10	-02	+13	=06	-01	12.0
9	Mari Etagene Bryne	Jærtun	-02	+11	-13	+14	-03	=12	11.0
10	Robin Ueland	Bø sk	=15	=08	+14	-04	=11	-05	11.0
10	Agnar E. Aarsland	Jærtun	-03	-09	+12	+15	=10	-06	11.0
12	Niklas Haugstad	Ogna sk	-01	-14	-11	+16	+15	=09	11.0
13	Gutu Eliyas	Jærtun	-07	=16	+09	-08	-05	+14	11.0
14	Tollak Espegren Aarsland	Jærtun	-04	+12	-10	-09	+16	-13	10.0
15	Isak Fredly	Jærtun	=10	=06	-07	-11	-12	=16	9.0
16	Omund Aarsland	Ogna sk	-08	=13	-06	-12	-14	=15	8.0

Hvite partier står medfet skrift.

24. okt kl.17:51 TurneringService 6.5

Hå skulesjakk har vore med og arrangert Kretsmeisterskap i sjakk for barn og ungdom på Klepp Rådhus 31/10. Her deltok 6 spelarar frå Hå skulesjakk, 3 i yngste klasse under 9 år



Nybegynnerklasse.



Premieutdeling.

der dei møtte nokre gode spelarar frå Stavanger og Sandnes. Benjamin Surdal vart nr 14 og Torvald Våge nr 17 av 22 spelarar, medan Niklas Haugstad hamna nest nedst men spelte berre eit parti.

I klassa for 15-16-åringar var Johannes Rodal og Olav Frøvik (frå Hå skulesjakk avd Jærtun) sjanselause mot 5 av Norges beste spelarar.

Hå skulesjakk har også vore med og arrangert lagturnering for tomannslag på Klepp rådhus søndag 1. november. Denne lagturneringa vart lagt opp med tidshandikap der laga vart rangert i 5 klassar. Klasse 1 var nybegynnarar medan klasse 5 var nokre av dei beste unge spelarane i Rogaland og Norge. Dei fekk 2 minutt på sitt parti hvis dei spelte mot ein nybegynnar som fekk 8 minutt.

Om det skjer noko i sjakk i Rogaland, kan du sjå på heimesida til Rogaland sjakk,

<http://rogsjakk.rogaland-sjakk.org>

Elles kan du sjå på facebook sida til klubben, <https://www.facebook.com/hasjakk/>

Sjakk for vaksne

Jæren sjakkklubb held til på Bryne VGS og speler på onsdagar. Vi speler no i personalkantina i første etasje i A-bygget, frå kl 1830 til bortimot 2200.

Med smittevernplan mot Corona.

Etter innskjerping av smittevernreglane fann me at me måtta halda opp med speling dei siste tre onsdagane i november.

For desember har me planlagt lyn- og hurtigsjakk turneringar som vert planlagt med rating. Desse vert: **Jæren Sparebank Juleturnering - Hurtig – Rated (2/12 og 9/12)** og **Jæren Sparebank Juleturnering - Lyn – Rated (16/12)**

På grunn av at turneringa skal rates, vert det for lynsjakkturneringa tenketid på 0 minutt pluss 10 sekund per trekk. For hurtigsjakken vert det tenketid 10minutt plus s10 sekund per trekk.

Klubben har egen internettside: <https://www.Jaerensjakk.no>

Og klubben har facebookside «Jæren Sjakkklubb». (sjå

<https://www.facebook.com/jaerensk/>)

Sjå elles informasjon om sjakk (med terminliste) på <http://rogsjakk.rogaland-sjakk.org/>

Med sjakk-helsing frå Per-Arvid



Godt oppmøte av ungdom når politi og brannvesen snakka om rakettar.

LENSMANNSLØA UNGDOMSKLUBB

Ungdomsklubben på Varhaug har hatt nokre flotte månadar på mange måtar. Besøket har auka jamt og trutt, og på det meste har det vore 126 ungdom innom på ein tysdag kveld. I snitt ligg me no på eit besøkstal rundt 100 ungdom. Dette er ei utfordring for oss som jobbar her, men heldigvis er besøkstalet fordelt over mange timar, slik at me ikkje er så mange på ei gong. Me har fått leige inn ekstra vaksne til å arbeida på klubben sidan me er så mange, og ungdommen er jo vande med handsprit

og avstand, slik at de ikkje vert nokre store vanskar av dette.

Eit av tiltaka for at dette skulle gå i orden, var at me opna opp 2.etasje for diskotek. Eg vil tippe at mange har fått det med seg, om ikkje av eige besøk så av lyden. Me jobbar nemleg med å finna ut korleis me kan få til ein ok lyd for oss og nabolaget, men det viser seg å vera utruleg vanskeleg. Me har ikkje gitt opp, men ber om årsak for at det i nokre songar dunderar bass frå løa til langande veg.

Merkeleg nok kan lyden vera høgare ute enn inne, verre nede enn oppe, og nokre songar er fæle oppe, men me høyrar dei ikkje verken ute eller nede. Me



Ein del av spørsmåla kom etter sjølve møtet



Korona påverkar symotivasjonen, her har dei laga seg munnbind

**HERREDSVELA
TRANSPORT**



TLF: 900 75 500
Vi løser det meste innen kranbil
jorgenherredsvela@yahoo.no

VARHAUG
hud & fotterapi

HEIDI DUBLAND BØ
Hud- og fotterapeut

Stasjonsveien. 14,
4360 Varhaug
Mob: 41 27 66 79
Timebestilling 51 43 13 69

JG MASKIN

Jan Gunnar Undheim - Varhaugsvegen 89, 4360 Varhaug
Mob: 958 28 410 - Fax: 51 43 08 27 - jagunnau@online.no



• SERVICE • DELER
• REPRASJONER



Nokre hadde meir avansert sminke enn andre på Halloween



Lærlingane hadde med seg ungdom og laga spøkelsesrom i siloen



Det er fint å ha eit samarbeid med politiet, og særleg det at dei tek seg tid til å stikke innom oss på klubb.



Vinnaren av årets beste utkledding/sminke gjekk til Katrin. Imponerende enkelt!

klør oss i hovudet, og har senka lyden ein del, og passar på at me uansett er ferdige før kl.20.00.

Elles har ungdommen sjølv teke initiativ til eit møte med politi og brannvesen om rakettar. Det var eit bra møte, med utruleg godt oppmøte og ein del spørsmål før, under og etter møtet. Om me ikkje får slutt på all uvetting bruk av rakettar, fekk i alle fall mange ungdom litt å tenkje på.

Me går heile tida på tå, i tilfelle me plutselig må avlyse klubbkveldane pga korona. Me vert passa på og me passar på å ta dei smitteomsyna som trengs. Heldigvis har me fått ha ope mykje. Desse kveldane betyr noko for ungdom, dei har det fint saman, har nokon å snakka med og får noko å snakka om. Ein slik ting å gle seg til var for eksempel 27.oktober då me hadde Halloween-tema på klubben. Ikkje alle brukte tid på sminke og kostyme, men det blei like festleg likevel. Politiet stakk innom, me hadde spøkelsesrom, konkurransar og premier. Ein god kveld, som det ofte er tysdagar i Lensmannsløa ungdomsklubb på Varhaug.

Monica Cecilie

Desse laga står bak Varhaugbuen:

VARHAUGBUEN

Varhaug bondelag,
Varhaug bygdeungdomslag,
Varhaug bygdekvinnelag,
Svala 4H,
Varhaug Misjonshus,
Varhaug Bedriftsforening,
Varhaug Skulemusikkorps,
DNT Edru Livsstil,
Vennelaget for
Lerbrekk Skule,
Elgane Motorsykel klubb,
Varhaug Pensjonistlag
og Vennelaget for
Lensmannsløa

Styret for Varhaugbuen er:

Leiar

Per Arvid Jakobsen, misjonshuset

Nestleiar

Eli Aanestad, bygdekvinnelaget

Sekretær

Per Arvid Jakobsen, misjonshuset

Kasserar

Brit Obrestad,
Vennelaget Lerbrekk skule

Styremedlem

Ole Kristian Ødegård,
bygdeungdomslaget
Asle Haukland
bedriftsforeningen

1. varamedlem

Astrid Skreting, Lensmannsløa

2. varamedlem

Ingvar Reiestad,
Vennelaget Lerbrekk skule

Redaktør

Liv Hopperstad



GEIR KYDLAND PÅ TOPP TRE I KÅRINGA SOM NORGES HYGGELIGSTE HÅNDVERKER



De husker kanskje frå sist blad at me skreiv om Geir Kydland, som var kome til finalen i «Norges hyggeligste håndverker». Dette var noko eg aldri hadde høyrte om før, så det måtte eg finna litt ut av. Reknar med at det er fleire enn meg, som ikkje hadde kjennskap til dette. Eg var heller ikkje klar over eg kunne stemt på Geir via nettet.

I 2017 var første gongen med denne konkurransen, og det er 7 kategoriar; malar, elektrikar, rørleggar, snekkar/tømrar (der Geir var nominert), mur og betong, lærer og andre bransjar. Geir var med i den mest nominerte gruppa, der heile 650 frå heile landet var med, og der var Geir ein av dei 3 som gjekk til finalen. Utruleg flott! . Nå vert det berre kåra ein vinnar, så det vert ikkje delt ut 2. og 3. premie, som i vanlege meisterskap. Men Geir var likevel blant dei 3 av 650 nominerte.

Varhaug gratulerer med denne flotte utmerkinga, og dette må vera noko å ta med seg på CV'n Geir? Liv

Slik er reglane:

- * Alle kan nominere kandidater på hyggeligste.no
- * Nominasjoner blir gitt med fullt navn og vises frem til den nominerte. Den som nominerer får bekreftelse på e-post, og den som nomineres får varsling på e-post og sms.
- * Den nominerte må deretter godkjenne nominasjonen.
- * Kampanje medarbeidere leses så gjennom nominasjonen før den publiseres på kampanjesiden.

Ja, så veit med dette så langt, om det er ein dyktig handverkar me kjenner, eller har vore ekstra nøgd med.

AKTIVE BYGDEKVINNER



Me er godt rusta for tida me er inne i. Her har me lært å sy munnbind av Brit Håland.



Prosjektet «Bygdekvinne deler matglede» skal gå også i 2021 og dermed vert det lefse / og Flatbrødkurs i 2021 for unge under 40 år.

Tirsdag 16. og 23. mars, evnt. 9. mars også.
Påmelding til Bjørg Reime Håland,
telf. 412 31 732.

BONDELAGET



Etter eit år med lite aktivitet, var skuffelsen stor då 100 års festen måtte avlysast. Det var lagt ned mykje arbeid i planlegging og organisering. Styret ynskjer å takka festkomiteen for god innsats. Me er stolte av 100 års boka, og håpar mange får glede av den.


Årsmøtet vart halde den 14. oktober. Maten vart til slutt varm, og stemninga var god. Siri Lea Rasmussen heldt eit interessant foredrag om Ystepikene.

Ny leiar er Gaute Ødemotland. Planane for aktivitetar er mange, nå ventar me berre på at koronaen skal gje seg.

Styret i Varhaug bondelag

Desse vart valde til styremedlemar: Thomas Vagle, attval 2 år. Grethe Marie Aanestad ny, 2 år. Aasgeir Aasland ny, 1 år. Per Skrettingland Haarr, ikkje på val, 1 år igjen. 1.vara: Runar Odland 1 år. 2. vara Lars Torgny Aanestad 1 år. Styremedlem Internatet: Sven Sturla Håland, attval 2 år. Olav Husveg, ikkje på val, 1 år igjen.

Styret i bondelaget



BOKSAL/BOKSIGNERING

Ved Spar-butikken i Stuelandsbygget
fredag 4. desember (kl. 16.00-20.00) og
laurdag 5. desember (kl. 10.00 - 15.00).

Pris: kr 400,- Vipps eller kontant.



HÅ HAGELAG

Årets siste hagelagsmøte blir den 3. des. kl. 19.00 i Lensmannsløa på Varhaug.

Det handler om dekorasjoner til jul og vi har derfor invitert Palle Jørgensen fra Det Danske Gartneriet.

Servering av riskrem, småkaker og kaffe.

Loddsalg.

Inngang 50,-/100,-

Påmelding på SMS til 416 64 684 innen 26.11.20.

ALLE VELKOMNE til en flott avslutning av hageåret:-)

GODT AT IKKJE STRAFFA ER SLIK NÅ ...

Like etter at eg hadde hatt innlegget i bladet om sentrumsplanen, kom eg over ein liten notis i det aller første nummeret av Jærbladet, det det stod om verdas eldste avis som var frå China. Då var avisa 1030 år, og på desse åra hadde 800 redaktørar vorte halshogde av di dei hadde skrive noko myndighetene ikkje likte ... Liv

VENNELAGET LERBREKK



Når du les Varhaugbuen denne gongen er me kome til slutten av november. Det er ingen tvil om at året 2020 er spesielt. Det starta i mars med dette korona-viruset. Så roa det seg litt utover sommaren, men nå utover hausten har det auka på att. Til deg som saknar samkomene på Lerbrekk, er det framleis lita trøyst i å vona at me får samlast att med det første.

I haust har det vore litt utleige, mellom anna til fleire konfirmasjonsselskap og litt andre familieselskap. Alt anna er på pause.

Styret for Vennelaget hadde eit kort møte den 27. oktober for å sjå kvarandre, og for å stadfeste at det diverre ikkje blir korkje lefsebaking, graudafest eller juletreffest dette året. Me veit at det er mange Lerbrekk-vener som tykkjer dette er leitt. Me trur likevel at alle har full forståing for dette slik som stoda er. Graudafesten er eit av årets høgdepunkt med fullsett skulestove, god stemning, intimt, trøgt og varmt. Det seier seg sjølv at det er heilt uråd i desse tider då me slett ikkje skal ha det trøgt, men tvert om halde lang avstand til kvarandre. Me måtte hatt eit mykje større lokale enn skulestova på Lerbrekk. Då ville heile stemninga forsvinna dersom me ikkje er på Lerbrekk, så det er heilt uaktuelt. Sigbjørn seier at juletreet likevel skal pyntast. Litt familiesamkome pleier det vere i desember.

Juletreffestar kan me berre sjå langt etter i år då ingen skal ta på kvarandre anna enn til nauda dei som høyre til i same husstand. Me får berre tenkja på alt det gilde me har hatt på Lerbrekk og vone at ting betrar seg i 2021. Litt optimisme må me ha – det må vel ta slutt ein gong?

Vonar at me får ha årsmøte til våren, men det kjem me attende til i neste Varhaugbuen.

Me får ynskje kvarandre ei fin advents- og juletid, og ta vare på kvarandre så godt me kan.

*«Livet er som en elv.
Buktingen og svingene
underveis er ment for å lede oss,
ikke stanse oss.»*

Maria Fontaine

Helsing for styret i Vennelaget, Brit Obrestad



Hjemmeside for Varhaugbuen

org.nr: 990 246 270

Siste oppdatering: 14. september 2020



Varhaugbuen

Nyheter

utgivere og styre

frist for stoff til neste nummer

årsrapporter i PDF for siste årsmøte

referat i PDF fra siste årsmøte

Lenkesamling

Misjonsskolets hjemmeside

Heimeside for 4H

se Bygdskvinnelaget

Heimeside Elgane motorsykkelklubb

Heimeside for DNT Edru Livsstil

Facebookside for vennelaget for Løtbrekk skule

Heimeside for Vennelaget for Lensmannsgårdern

Bondelaget

Varhaug Pensjonistlag

Bladet i PDF-utgave

Varhaugbuen fra 2020. 3 blad

Varhaugbuen fra 2019. 4 blad

Varhaugbuen fra 2018. 4 blad

Varhaugbuen fra 2017. 4 blad

Varhaugbuen fra 2016. 4 blad

Varhaugbuen fra 2015. 4 blad

Varhaugbuen fra 2014. 4 blad

Varhaugbuen fra 2013. 4 blad

Varhaugbuen fra 2012. 4 blad

Varhaugbuen fra 2011. 4 blad

Varhaugbuen fra 2010. 4 blad

Varhaugbuen fra 2009. 4 blad

Varhaugbuen fra 2008. 4 blad

Varhaugbuen fra 2007. 4 blad

Varhaugbuen fra 2006. 4 blad

Varhaugbuen fra 2005. 3 blad

Gamle Varhaugbuen scannet til PDF-utgave

Varhaugbuen fra 1994. 3 blad, nr 4 ?

Varhaugbuen fra 1995. 2 blad, nr 3 og 4 ?

Varhaugbuen fra 1996. 4 blad

Varhaugbuen fra 1997. 3 blad, nr 4 ?

Varhaugbuen fra 1998. 4 blad

Varhaugbuen fra 1999. 3 blad

Varhaugbuen fra 2000. 1 blad

Aktuelle ting

Varhaugmarken

Andre saker

Styret i Varhaug Bygdskvinnelag

Styret i Svala 4H

Plastinnsamling

Ymse

Jærskje ord og uttrykk

Grasrotandel ved flopping

Send mail til webmaster

(adresse er : post@varhaugbuen.no)

Nytt fra VARHAUGBUEN

14/9-2020 Nå er blad nr 3 for 2020 tilgjengelig på nett.

[blad nr 3 2020](#)

Frist for stoff til nr 4-2020 er 9. november 2020. Utkjøring vert 24-25. november 2020

Vi har fått flere reaksjoner på noe av innholdet i blad nr 3: det som sto om sentrumsplanen

Og det innlegget og tilsvaret er tatt med i Jærbladet! God mat for politikere

12/8-2020 Heisann, nå er blad nr 2 fra 2020 tilgjengelig på nett.

[blad nr 2 2020](#)

Blad nr 3 er planlagt, frist for stoff til nr 3-2020 er 20. august i 2020. Utkjøring vert 8-9. september 2020

9/3-2020 Heisann, nå er blad nr 1 fra 2020 tilgjengelig på nett.

[blad nr 1 2020](#)

frist for stoff til nr 2-2020 er 14. mai 2020. Utkjøring vert 2-3. juni 2020.

6/12-2019 Heisann, nå er blad nr 4 fra 2019 tilgjengelig på nett.

[blad nr 4 2019](#)

frist for stoff til nr 1-2020 er 13. februar 2020. Utkjøring vert 3-4. mars 2020..

17/9-2019 Hei. Blad nr 3 fra 2019 er nå tilgjengelig på nett

[blad nr 3 2019](#)

frist for stoff til nr 4-2019 er 13. november 2019. Utkjøring vert 26-27. november 2019.

15/7-2019 2. varamann i styret for Varhaugbuen

Nå er Ingvar Reiestad utnevnt til 2. varamann i styret

29/5-2019 Blad nr 2 fra 2019 er nå tilgjengelig på nett

[blad nr 2 2019](#)

frist for stoff til nr 3-2019 er 20. august 2019. Utkjøring vert 1011. september 2019.

11/3-2019 Varhaugbuen sitt årsmøte vert mandag 8. april

11/3-2019 Blad nr 1 fra 2019 er nå tilgjengelig på nett

[blad nr 1 2019](#)

frist for stoff til nr 2-2019 er 13. mai 2019. Utkjøring vert 27-29. mai 2019.

1/12-2018 Blad nr 4 fra 2018 er nå tilgjengelig på nett

[blad nr 4 2018](#)

frist for stoff til nr 1-2019 er 14. februar 2019. Utkjøring vert 5-6. mars 2019.

24/9-2018 Blad nr 3 fra 2018 er nå tilgjengelig på nett

[blad nr 3 2018](#)

frist for stoff til nr 4-2018 er 12. november 2018. Utkjøring vert 27-28. november

6/6-2018 Blad nr 2 fra 2018 er nå tilgjengelig på nett

[blad nr 2 2018](#)

frist for stoff til nr 3-2018 er 21. august 2018. Utkjøring vert 4-5. september

Hei

Det er ikkje alle som er klar over at gamle utgåver av Varhaugbuen kan lesast på internettsida til Varhaugbuen. Sjå: <http://www.varhaugbuen.no>

Så om du leitar etter stoff som har vore gitt ut i tidlegare nummer av Varhaugbuen kan du gå inn på

heimesida og klikke på dei ulike åra, og så klikke på den einskilde utgåve.

Dersom du oppdager noko feil, vil eg gjerne få vite om det!

God lesing, helsing Per-Arvid



BILREBUS

10. oktober haldt Varhaug BU bilrebus med 5 postar rundt på Varhaug. Det deltok 3 bilar i bilrebusen der dei starta med å reise til Lerbrekk for å ha smaksprøving av forskjellig «snacks». Etterpå bar det til melkespannhalding på gamle politistasjonen før dei for til crossløypa på trøtrakor-tevling. Deltakarane slutta av me rulling av rundballe bak Fjordkjøkken. Med hjelp av godt dugnadsarbeid på førehand vart kvelden veldig vellukka.

Helle Skretting



MANILLA BRUKTBUTIKK

21. november får me ein ny gjenbruks butikk på Varhaug, og denne gongen i Stuelandbygget. I austre delen av Stuelandbygget, der Lars Gaute hadde butikk, kjem Israelsmisjonen med sin gjenbruks.

Organisasjonen har berre ein slik butikk frå før, nemleg i Bergen, og nå vil dei prøva seg på Varhaug. Varhaugbuen har vore på litt «sniging», må jo få med oss det som skjer i sentrum. Eg såg det var folk der inne, og banka på den låste døra. Eg vart ynskt velkomen inn i det halv ferdige rommet, av Leif Erik Olsen frå Lye. Her var ein del kome på plass, og meir kjem det nok til opninga.

Gildt når det er noko nytt i sentrum. Varhaug har jo hatt ein gjenbruksbutikk i fleire år, men sidan det nå nærast er «in» med gjenbruk, er det sikkert plass til to.

Varhaugbuen ynskjer dei til lukke med opningsdagen 21. november.

Liv



KOFTEKVELD I BYGDEKVINNELAGET

Torsdag 29. oktober var 38 damer samla til koftekveld i bygdekvinnelaget. Kvelden starta med diktlesing og sang av Astrid Varhaug og Kjellaug Røynås. Deretter overtok Veronika Mikkelsborg Mæland frå Bunadhjelpen og viste oss bilder av og modellar av ulike kofter. Det var gamle og nye kofter og trender på koftefronten før og nå.



Ho hadde blitt utfordra til å lage idrettslag-genser og eit eksemplar i barnestørrelse hadde ho med. Nå skal mønster i vaksen størrelse og vera klar i butikken hennar. Ellers var det utlodding og gevinstane var selvfølgelig garn og gavekort på Bunadhjelpa. «Bygdekona» Sissel hadde nokre betraktningar om denne koronatida. Kvelden blei avslutta med sang.

Mvh Astrid Skretting



VARHAUG BYGDEKVINNELAG 85 ÅR



Dette hadde laget tenkt å markera ved å invitera tidlegare leiarar til årsmøtet, men fann ut at då vart tida for knapp til ei skikkeleg markering. I staden er nå me som har vore leiarar, med Molla 99 år i spissen, inviterte - saman med styret - til litt kos på Lensmannsløa fredag 27. november kl. 12.00. Andre tidlegare leiarar er:

Else Ueland, Helga Ueland, Jenny Hadland, Chonstanse Håland, Astrid Hobberstad, Aud Håland, Eva Aniksdal, Oddbjørg Skrettingland og undertekna. Håpar dette let seg gjennomføra med og ha smitteven reglane på topp.



Liv

LITT FRÅ EIT GAMALT NUMMER AV MEDLEMSBLADET TIL NORGES BONDEKVINNELAG – NBK-NYTT



Fra NBK-nytt nr. 3, 1992. F.v.: Eva Aniksdal, Solveig Voll, Torild Øen, Sissel Høien og Tordis Kverme (Foto: Geir Sveen/Stavanger Aftenblad).

Eg har teke vare på mykje papir opp gjennom åra på Hobberstad. Slik vert det når interessa for slikt, går saman med stort hus (loft). Men då eg skulle flytta, måtte eg kvitta meg med ein del. Under ryddeprosessen kom eg heilt tilfeldig over dette som hadde vore i NBK-nytt i 1992. Sidan Jærhatten vart starta av

medlemmer i Ogna og Vigrestad bondekvinnelag, hadde damene sendt dette inn til bladet. Dama til venstre har og har vore leiar i laget vårt, så då tykte eg det kunne passa med litt mimring. Sidan alle held på hatten, reknar eg med at det var ganske blåsande (som normalt på Jæren).

Liv

ÅRSMØTE

VARHAUG BYGDE- KVINNELAG 2020



Varhaug bygdekvinne lag hadde årsmøte i Løestova torsdag 24. september. Liv J. Reiestad ynskte velkommen. 22 medlemmar møtte.

Kvelden starta med at Liv las eit dikt av Elisabeth Reiestad. Deretter song vi velkomstsangen som bygdekvinne laget brukar

å starta møtene sine med. Liv informerte om at innstillinga frå valgkomiteen skulle vore med i årsmeldinga.

Varhaug bygdekvinne lag er 85 år i år. Planen var å ha ei markering på årsmøte og be inn tidlegare leiarar, men på grunn at koronaen valgte styret og droppa desse planane. Liv Hobberstad hadde laga eit tilbakeblikk frå laget vart start, frå hennar tid som leiar og fram til i dag. Etter det var det tid for mat, pizza og swissrull, som vi pleier å ha på årsmøte.

Det nye styret ser slik ut:

Leiar: Liv J. Reiestad	Gjenvalg	1 år
Nestleiar: Anne Margrethe Aanestad	Gjenvalg	1 år
Sekretær: Astrid Skretting	Gjenvalg	2 år
Kasserar: Aud Elise Gudmestad	Ikkje på valg	1 år igjen
Styremedlem: Rannfrid Fitje Jessen	Ikkje på valg	1 år igjen
Styremedlem: Judith Åmodt	Ny	2 år
1. varamedlem: Bjørg Reime Håland	Gjenvalg	1 år
2. varamedlem: Aud Håland	Gjenvalg	1 år
3. varamedlem: Edith Tunheim Salte	Ny	1 år

Liv Hobberstad fekk blomar for innlegget ho hadde. Inger Haugstad fekk blomar etter 3 år i valgnemda og Irene Bratland gjekk ut or styret og fekk og blomar.

Etter årsmøtesakene var det utlodning av blomar. Brit Obrestad hadde nokre betraktningar om tankar som kan koma til ein. Kvelden vart avslutta med sangen, «Kveld på Jæren» før Liv takka og ynskte vel heim.

Astrid Skretting, referent

UNGDOMSRÅDET

Måndag 9. november kunne Ungdomsrådet i Hå invitera til ei markering av Verdensdagen for psykisk helse (10. oktober) for 50 ungdom på Samfunnshuset på Nærbø. Grunna covid-19 har arrangementet flytta både dato og vorte redusert med antal gjester, men desto kjekkare var det når arrangementet endeleg vart gjennomført og vellukka.

For ein kveld flott det vart! Med rimeleg avstand mellom stolane og flotte juledekorasjonar på dei runde borda, kunne publikum i starten nyta dei musikalske innslaga ved ungdom frå Hå kommune. Først ut var duoen Malin Fuglestad og Emilie Slettebø Bjørkheim (vokal og piano), etterfulgt av Benjamin Ueland, Indra Azhar og Sondre Ree Taraldsvik (gitar, trommer og bass). Nydeleg og knalltøft! Ungdomsrådet hadde invitert med seg SLT-koordinator Anja Ulriksen Rygg og miljøterapeut på ungdomsskulane Marianne Særheim, til å vera tilgjengelege for samtalar etter foredraget.

Det var ein usminka, engasjert og dønn ærleg Adil Khan som stod på scenen. Han rørte oss med historien om oppveksten sin prega av mykje mobbing og ein uvanleg streng far, via år med lyging og "dobbeltiliv", før han vant ein dansekonskurranse på TV. Vidare fortalte han at suksess ikkje er så attraktivt som mange unge trur, og at det for han opna like mange mørke dører, som lyse dører med nye moglegheiter. Vidare fortalte han viktigheten med at me ser kvarandre i kvardagen, og at me er raus med ord og klapp på skuldera både med andre, men ikkje minst med oss sjølve. Denne meldinga er heilt i tråd med slagordet for årets kampanje frå Verdensdagen; nemleg SPØR!

Til slutt var det tid for loddtrekking av både gåvekort og to høgtalarar blant publikum.

Ungdomsrådet vil takka alle som kom og er svært takknemlege for at kommunen satsar og legg tilrette for at rådet kan gjennomføra slike viktige og samlande kveldar for ungdom.

Mvh Gjertine Hognestad



HAUSTFESTEN 2020



Haustfesten er det store høgdepunktet alle gler seg til. Me var spente på om me kunne feire denne i år på grunn av korona. Fest blei det!

Me måtte gjere litt endringar dette året. I år var det nemleg berre medlemmer og spesielt inviterte som fekk komme. Festen kunne ikkje vare like lenge som den pleier. Me måtte gjere mangen endringar, blant anna så kutta me åresalget og festen vara berre i 2 timar.

Alle medlemmene var kjempe flinke i år, dei stilte ut heilt sjølv og foreldrene måtte stå på gangen. Medlemmene fekk forskjellige tidspunkt dei skulle stille ut, dei yngste tidleg og dei eldste seint. Etter 3 timar var alle prosjekta ferdig utstilte. Det var 81 utstillere.

Sanne Skeie er lederen i Svala 4H og ho leia festen. Valdemar Pettersen, kommunalsjef for oppvekst og kultur, og Liv Hobberstad, frå varhaugbuen, holdt tale. På menyen var det farse frå skrettingen og pinnis til desert, me hadde god hjelp på kjøkken av Atle Skeie og styre. All mat og drikke blei servert til borda av dei flotte klubbbrådgjevarane og styre. Me delte ut alle merkene og gavene til oppgavehjelpara, medlemmar, styret og klubbbrådgjevarar.

Trym Lea fekk pokal frå BU og Olav Rosland fekk fra bondelaget. Sunniva Kartevold, Marthine Aasland, Helene Skrettingland og Åse Byberg fekk frå sørjæren sau og geit. I tillegg fekk klubben pengegaver frå bygdekvinnelaget og hå kommune.

Tusen takk til alle som var med og hjelpta slik at me fekk dette til. Dette sett me veldig stor pris på.

Malin Mæland og Aline Bjelland Nord-Varhaug





FLOTT 4H FEST

Med 4 ungar som har vore med i 4H, har eg vore på mange gilde haustfestar opp gjennom åra. Nå vert er innbeden som redaktør av Varhaugbuen, og det set eg stor pris på. Festen i år, 23. oktober, var ein av dei beste eg har vore på. Var litt spent på korleis dei ville få det til i denne korona tida, men dette hadde dei ordna på ein god måte. Og her var smittevern regelen på topp. Me vart sprita ved frammøte og registrering, og me sat i god avstand ved bordet. Før me skulle eta, vart det delt ut antibac serviettar, og maten - farse frå Skretting - vart og delt ut. Om ein ville ha ketchup på «farså», kom det sandeleg ein 4-H'ar og delte ut det og. Saft og kaffi fekk med skjenkt i, og desserten var pinne is. Og ikkje nok med det; då ungane skulle opp på scenen for å få merke, fagskjold osv, var det merka av kor dei skulle stå, og ikkje meir enn 10 opp om gongen. Her var alt til passa koronaen. Flott!

Utstillinga - det var heile 81 - som hadde løyst ei oppgåve, og kreativiteten blant utstillingane var stor. Imponerende kva dei hadde fått til i dette koronaåret. Varhaugbuen ynskjer alle til lukke med oppgåvene dei skal i gang med til neste år. Får berre håpe at det då ser noko betre ut med denne koronaen, som har øydelt mykje for mange i år.

Liv



REGN, REGN, REGN ...

Foto: Brit Obrestad

VARHAUG BYGDEKVINNELAG

DELER MATGLEDER



Vanessa Berge; Silje Mæland, Sally Tjelto, Lone Høyland og Kristine Høyland får sjå på uttaking av lefser før dei sjølv prøver.

Varhaug bygdekvinnelag er med i prosjektet «Bygdekvinner deler matglede»

Eit prosjekt som Gjensidigestiftelsen deler ut midler til og Varhaug har fått tildelt –

Vi hatt nå hatt gratis lefse/flatbrød kurs for unge under 40 år over 3 kvelder (koronasikret)

og totalt 12 damer har delteke. Tradisjon med lefse/flatbrød baking må ikkje dø ut, og etter desse kveldane har vi god tru på desse flotte «bakstedamene». For nokre ivrige- lærevillige damer- vi hadde kjekke kvelder ilag. Alt utstyr til baking er sponset av Gjensidigestiftelsen.

Så er det våre nye landsmenn- vise/lære dei norsk tradisjonsmat og då har vi laga komle/og fårikål middag. 4 familier har vore inviterte til komle-ein lørdag og 4 nye til fårikål neste lørdag. 1 pers. frå kvar familie har vore med å tilberede alt – medan middagen kokte laga vi eplekake som blei dessert. Ivrige- lærevillige damer- og alle i familiene har vore takknemlige for maten--- bl. anna ein liten gutt sa; «dette var godt—he ede heile 3 komle»

Prosjektet skal gå over 2 år—så neste år blir det samme opplegg--- annonse i bygdebladet Julefest for våre nye landsmenn med norsk tradisjon var også med i opplegget - mat- gang rundt juletre- nisse- gaver til ungane—men dette har vi avlyst dette år. Krysser fingrane at dette kan gjennomførast neste år.

Oddbjørg Skrettingland





Lærerik, interessant og gild tur til Stavanger. 14 damer vandra 7 km på tur rundt i byen.

Fantastisk guiding av Reidun. Me starta i Lendelunden, bort Øvre Strandgate i gamle Stavanger eller Straen. Idyllisk med fine gamle hus og frodige blomar. Så ned i sentrum, opp til Petri kyrkja og Pedersgata. Gjekk til Johanneskyrkja som var flott og stor. Innom Tou Scene, før vi fekk nyta matpakker ute ved Siriskjær. Gjekk så til Vindmølleparken, eit spennande bumiljø. Vidare til Felleskjøpet, innom Badedammen, forbi Verven og enda ved Magasin Blå på kaien, der guiden takka for seg og fekk velfortjent applaus. Ein fantastisk og fin dag for bygdekvinne.





Lørdag 30. oktober var Sjur og bondelaget på plass på Iden for å selja jubileumsboka.

I det fine haustveret var det mykje folk. Trur mest Sjur fekk «gangsperr» i handa av å signera.

Dei so ikkje fekk boka denne dagen, kan enten gå til Skrettingen eller Fellesen, eller koma på Spar.

Liv



Innspill til "Sentrumsplan for Varhaug"

(Mel.: Jag trivs best i åpent landskap)

Jeg trivs best med god forvaltning i et kommunalt organ,
det er det vi ikke her ser nå med Varhaugs sentrumsplan.

Hå kommune har selv rotet lenge nok her alle ser
derfor ønskes planen skrotet før det ødelegges mer.

*Vårt sentrum her var bedre før kommunen satte inn sitt kjør;
og presset Coop som en sau - til i et trangbølt smau!*

Jeg trivs best med god forvaltning i et kommunalt organ.

Jeg trivs best i en kommune der pedantene ei rår,
men de folkevalgte her i Hå, det problemet ei forstår.

For et flertall dilter etter vårt rådmannsvelde kun,
og Jonas sjøl går foran som en lydig, dressert hund.

*En lekeplass i sentrum vil - bli stedet folk vil strømme til,
med enveisgater her og der - da synger nok enhver:*

Jeg trivs best i en kommune der pedantene ei rår.

Jeg trivs best i en kommune der fornuften alltid vinn;
et stasjonssenter være må; mere enn en "lekegrind."

Og det planleggs boligblokker - på privates eiendom,
og grunneier visste lite om, han ble arg da planen kom.

*At Varhaug Sentrum er i Hå - bør selv en arkitekt forstå,
da kan det ikke være må, som det legges opp til nå!*

Jeg trivs best i en kommune der fornuften alltid vinn.

Jeg trivs best i en kommune, der protester fører fram,
men tenker Jonas det å snu, betyr svakhet og en skam?

Folk vil huske "stein på stylder," som var en kunst så grov,
men Jonas' menn sa etterpå; at de dorske var og sov.

*De folkevalgte vite må hva de hver gang skal strø sand på,
et næringssentrum la oss få; for store som for små!*

Jeg trivs best i en kommune, der protester fører fram.

Einar Reime



STOFF-FRIST

Stoff frist for neste blad er

13. februar 2020

Dette kan enten sendast direkte
til: livhob@online.no eller legga
det i postkassa til Liv.



SENTRUMSPLANEN

Denne planen til nå ute til høying,
og nå er fristen for å koma med inn
spel utsett til 20. januar 2021.

Så her folkens, må de passa på og
sei kva de meiner om denne
planen. Det nytter lite å syta
etterpå når planen er vedtatt.



JULETILBUD I FK BUTIKKEN!

FK VARMEDRESS
VATTERT GRØNN
S-XXL



899,-



**BRANN-
SLUKKER**
PULVER 6 KG

399,-
(499,-)

PIPESETT 1/2+1/4"
91 DELER BAHCO



999,-
(1495,-)

299,-



HODELYKT MORILD
800 LUMEN

FK BUTIKKEN VARHAUG
Tlf. 51 77 14 70

Mandag – fredag: 8–17
lørdag: 9–14



butikk

fkra.no/fkbutikken

Ved kjøp av vask for VIL
sine medlemmer får de

20% RABATT

i tillegg til stempelkort
med hvert 6. vask gratis
(gjelder alle kunder)

**KOM OG PRØV
VÅR NYE OG TOPP
MODERNE
VASKE-
AUTOMAT**



**Varhaug
Servicenter A/S**
Tlf. 51 43 02 33 • 4360 VARHAUG

VI HAR GODKJENT BILVERKSTED